



Jostein Saghaug toppar lista til Miljøpartiet Dei Grøne.

Frå 1. juli er det ope for såkalla tidlegrøysting til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019. Dersom du ynskjer å bruka ordninga tidlegrøysting, må du møta fram på Rådhuset i opningstida i tidsperioden 1. juli til 9. august. Førehandsrøystinga startar frå og med 10. august, anten på Biblioteket eller på Rådhuset.

Uskedalen er ikkje eigen valkrins lenger. Difor er det viktig at veljarane også brukar tida fram til og med 6. september for å røysta. På valdagen må ein nytta eit av røystelokala i Kvinnherad.

Uskedalen har ikkje vore representert i kommunestyre den siste perioden. I 2019 kan du velja mellom 15 kandidatar. Uskedalen er med på alle listene bortsett frå Partiet dei Kristne og Framstegspartiet. På Høgrelista finn vi fire kandidatar. Det er to kandidatar frå Uskedalen på kvar av desse listen: Sp, MDG, KrF, V, Ap. På SV si liste er det ein listekandidat frå Uskedalen.



Ein kandidat med gode sjansar for å bli vald inn i det nye K.styret er Oddbjørn Kroka på Høgrelista.

Namna med nummerplassering i parantes finn du her:

Sosialistisk Felleliste

Ann Kristin Hjelmeland Fausk (9)

Senterpartiet

Tor Jarle Kjærland (13)

Tor Ove Haugland (26)

Kristeleg Folkeparti

Møyfrid Kristoffersen (17)

Knut Olav Myklebust (20)

Miljøpartiet Dei Grøne

Jostein Saghaug (1)

Kathrine Saghaug (8)

Høgre

Oddbjørn Kroka (8)

Steinar Kroka (24)

Espen Zimmer (31)

Andreas Tarberg (32)

Venstre

Kristian Bringedal (7)

Kjell Yri (14)

Arbeidarpartiet

Hallgeir Snilstveit (16)

Magne Huglen (27)

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat foto/ Kristian Bringedal